


Merka ikkje det nye skjelvet i Uskedalen

20.12.2010



Dette kartet viser jordskjelv på Vestlandet dei siste 10 åra.

Klokka 13.30 i dag var det eitt nytt og kraftigare jordskjelv i Sunnhordland - dette vart målt til 3,45 på Richters skala.

Det vart registrert av mange i dei ytre delane av Kvinnherad, til dømes på Husnes og Valen som også oppfatta det som kraftigare enn det nattlege skjelvet.

Men førebels har ikkje uskedalen.no fått meldingar om observasjonar om det nye skjelvet frå Uskedalsområdet. Heller ikkje på SPAR der mange ferdast har dei registrert kundar som har lagt merke til skjelvet.

Men også i Rosendal merka dei det godt - mellom anna i Rådhuset Etter eit lite førevarsel med svak dur og rumling skaka det i heile huset.

Episenteret er stort sett i det same området som skjelvet i natt,, nord på Stord og denne gongen rundt rekna 2 mil nordaust for Leirvik.

Ellers spør mange om skalaen for jordskjelv. Den er logaritmisk slik at styrke 4 er 10 ganger større enn styrke 3. Men først når 4,5 blir passert, er det frykt for skader.

Av Ola Matti Mathisen